



Bårstadhallen på Lalm
Kvernbergvegen 25, 2682 Lalm

Til leige:
Tomt: 3312 m²
Areal: 694 m²

Kort om eigedomen

Næringsareal

Areal: totalt ca. 693,9m² fordelt på:

- Industri-/produksjons-/lagerhall= **613,5m²**
- Kontor, spise-/pauserom, garderobe og sanitær = **80,3 m²**


Pris

Produksjonslokale: Kr 850,- pr. m² pr. år eks mva. og driftskostnad


Kontorareal: kr 900,- pr. m² pr. år eks mva. og driftskostnad



Tomt og plassering



Bårstadhallen er lokalisert på Lalm Industriområde med inn og utkjøring fra r15



Historia bak Bårstadhallen

Det var på Lalm det heile starta med den viktige kleberindustrien på Bårstad. Bergensfirmaet A/S Norway Talcmill starta med utvinning av kleberstein på Bårstad i 1912. Det var så mange som 70 mann i arbeid, og ein såg for seg ein mogleg årsproduksjon på opp mot 15 000 tonn.

Ein viktig årsak til at Eidefossen vart bygd ut med vasskraft, var at produksjonen ved Bårstad hadde behov for elektrisk kraft.

Gjennom tid har kraftselskapet vårt, Eidefoss A/S, gjeve godt utbytte til eigarkommunane. I Vågå kommune har midlar frå utbytte vore sett av i fond, der det er bestemt at fondsmidlane skal nyttast til næringsutvikling i kommunen, og der prosjekta må eigast av Vågå kommune. Midlar frå dette fondet er brukt til å bygge næringshallen på Kolbotten. Eit monument er reist over dei som bygde opp våre verdiar, og vil no skape nye moglegheiter til vekst i ei ny tid.

Dette er vår veksthall for eksisterande næringar og nyetableringar som ønskjer å etablere seg i eit vekstmiljø med andre.

Informasjon om eigedomen

Adresse

Kvernbergvegen 25, 2682 Lalm
Gnr./bnr. 1/49 i Vågå Kommune

Innhald

Nybygd industri-/produksjons-/lagerhall med kontor

Eigedomen er relativt allsidig og kan nyttast til mange typar drift

Kontorlokale inneholder mellom anna:

- Eigen inngang
- 3–4 kontorarbeidsplassar tilrettelagt for fibertilkobling
- Spise-/pauserom
- Garderobar for dame og herre, samt HCWC.

Industri-/produksjons-/lagerhall inneholder mellom anna:

- Eigen inngang
- 3 leddportar med netto bredde x høgde = 4,0mx4,2m,
- Innvendig netto takhøgde = 5,0m.
- Betonggolv dimensjonert for tung industri
- Tre stk. golvluk fordelt langs midten av hallen, som er kopla til avlaupsnettet via oljeutskiljar

Standard:

Bygget er fullisolert og bygd i tradisjonelt bindingsverk i tre, med utvendig stående kledning av tre. Innvendig kledning av 15mm finér, innvendig flat himling av OSB-plater, og glattpussa betonggolv

Vindauge i alle ytterveggar

Det er god grunnbelysning i heile lokalet

Lokalet slik det står i dag egnar seg best til ein lejetakar, men det er med små grep mogleg å dele lokalet inn i tre om lejetakar ønskjer dette

Overtaking mogleg frå 1.08.2017

Fyring

Elektrisk oppvarming av kontordel, og to luft-til-luft varmepumper i industri-/produksjons-/lagerhall

Kommunale avgifter

Alle offentlege avgifter blir fakturert legetakar direkte eller etterfakturert av utleigar

Tomt

Tomteareal er ca. 3 312 m².

Flat tomt rundt heile bygget, med to innkøyrsler i kvar ende av tomta. Heile tomta er inngjerda. Innkøyring, utvendig lagringsplass og parkeringsarealet er asfaltert. Eigedomen grenser mot to nabotomter, veg og skog

Framkomst og plassering

Vågå Kommune ligg mellom Sel og Lom kommunar. Næringslokalet ligg på Kolbotten Industriområde, som er lokalisert på Lalm

God tilkomst frå RV15, via Kvernbergvegen. Det er ein relativt oversiktleg påkøyring med tilstrekkeleg plass for lastebil

Det er mogleg å køyre rundt bygget og ut att på Kvernbergvegen

Avstandar:

15 km Vågåmo

15 km Otta

136 km Oppdal

125 km Lillehammer

251 km Trondheim

305 km Oslo

Vatn og avlaup

Offentleg vatn og avlaup.

Inntaksleidning for vatn er på 63 mm



Andre opplysningar

Vising

Eigedomen visast etter avtale med utleigar. Det er venta at prospekt og vedlegg er gjennomgått i forkant.

Eigar

Vågå Kommune

Kontaktpersonar:

Rune Grindstuen, avdelingsleiar – kommunale eigedomar

Tlf: 48 26 19 36

rune.grindstuen@vaga.kommune.no

Live Brimi, næringskoordinator

Tlf.: 99 02 83 22

live.brimi@vaga.kommune.no

Avtalebetingelser

Varighet leigekontrakt: Etter nærigare avtale

Oppseiingstid: 6 mnd. (eller etter nærigare avtale)

Pris er eks mva. og utan reinhald, kommunale avgifter og andre driftskostnadar

Atterhald

Prospektet er ikkje uttømmande.

Det er venta at interessentar sett seg inn i gjeldande regulering og føresegner for eigedomen og området.

Dette gjeld særskilt for den type drift og aktivitet som skal vere på eigedomen.